



MØTEBOK

Plan for habilitering og rehabilitering for Fitjar kommune i perioden 2020 til 2030

Utval sak	Utval	Møtedato
9/21	Utval for Oppvekst og omsorg	10.02.2021
5/21	Kommunestyret	24.02.2021

Vedlegg:

1. Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar – 2020-2030.
2. Innspel frå brukarrepresentantar.
3. Indikator på tenester av god kvalitet.
4. Kvalitetsindikatorar.
5. Rammeavtale for samarbeid mellom NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland og Fitjar kommune, versjon 2.2
6. Ålborg modellen
7. Høyringsinnspel Plan for habilitering og rehabilitering – oppsummering
8. Innspel til plan for habilitering og rehabilitering – Råd for funksjonshemma
9. Innspel til plan for habilitering og rehabilitering –NFU avd. Stord/Fitjar

Bakgrunn:

Samfunnsutvikling og demografi stiller auka og nye krav til helse- og omsorgstenestene i kommunen. Det vert fleire eldre og fleire som lever med kronisk sjukdom. I perioden frå 2025 og det neste tiåret vil talet på eldre over 67 år i Fitjar kommune meir enn dobla seg. Det vil utfordra dei kommunale tenestene gjennom: brukarperspektivet, omfanget på helse- og omsorgstenester, omstillingar i tenestetilbodet, arbeidsformene i organisasjonen, samarbeidet med frivillig sektor, rekruttering og profesjonar og digitalisering.

Habilitering og rehabilitering flyttar fokus frå sjukdom til fokus på aktivitet og deltaking. Framtida sine brukarar skal ha ei meir aktiv rolle og den nye brukerrolla føreset ei omsorgsteneste som i større grad enn tidlegare kartlegg og spør etter: kva brukarane har som mål, eller «kva er viktig for deg». Dette kan utfordra den samla kapasiteten i tenestene, men kan på sikt gje ein gevinst for at pasient/brukar når eigne mål.

Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar, 2020 – 2030 vart handsama i utval for oppvekst og omsorg PS 42/2020 med slikt vedtak:

1. Utval for oppvekst og omsorg godkjenner forslaget til Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar kommune - 2020 – 2030.
2. Forslag til Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar kommune 2020 – 2030 vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist er 10.12.20.

Etter høyring:

Plan for habilitering og rehabilitering har vore kunngjort i bladet Sunnhordland og på Fitjar kommune sin nettstad. Det er komen inn to høyringsinnspel, Råd for funksjonshemma og NFU avd. Stord/Fitjar.

Innspela er presentert og gjennomgått i vedlegg til planen. Dei ulike høyringsinnspela har vore vurdert konkret om dei skal innarbeidast som ny tekst i plan. Endringane synest i planen med raug skrift.

Administrasjonen har gjort ei endring på side 15, gjeld henvisningar til talmateriale, då tidlegare hyperkopling/nettstadsadresse ikkje fungerte.

Konkrete tiltak som er føreslått i planen og som krev auka økonomiske rammer må eventuelt fremmast særskilt i samband med arbeidet kring økonomiplan.

Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg rår kommunestyret til å fatta slikt vedtak: Fitjar kommunestyre vedtek «Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar - 2020 - 2030 » slik den ligg føre.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 10.02.2021:

Etatsjef helse og omsorg Anne Økland orienterte om saka i møtet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek «Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar - 2020 - 2030 » slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret - 24.02.2021:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek «Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar - 2020 - 2030 » slik den ligg føre.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.